

Møte i FAU 15.12.22

Til stade: Agata Klawikowska, Tove Bergjord Tysdal (teams), Bente Tjelta, Øyvind Eggebø, Vidar Skavland, Silje Talgø Klakegg, Trond Egil Sivertsen, Reidun Aabrekk Bråtveit.

Forfall: Alexander Montgomery-Andersen, Fredrik Spanne Fausk og Kristina Roda Reilstad.

1. Godkjenning av referatet frå FAU-møte 8/11. Referatet godkjennast.
2. Orientering frå møte om rus den 22.11. Nye retningslinjer for politiet gjer det vanskelegare å avdekke rus. Enighet om at FAU arrangerer foreldremøte om rus. «Bry deg», foredrag i januar. KFU seier: bruk uteseksjonen. Uteseksjonen er på skulen kvar 14. dag.
3. Leksebevisst skule; orientering frå skulen. Eleven skal mestre oppgåvene dei får i lekse. Lekser skal vere trening på eleven sin kompetanse. For å bli god, må ein øve og repetere. Lesetrening kan vere knytt opp mot alle fag. 1.-7.trinn har leselekser kvar dag i tillegg til vekelekser i andre fag. 8.-10. trinn har vekelekser. I tillegg kjem førebuingar til prøver, presentasjonar og innleveringar. Lekseplan skal ha mål for arbeidet. Leksene skal vere varierte og gjerne praktiske. Heimane må leggje til rette for gode lekserutinar.
4. Reglement på buss og båt. Kan me gjere noko meir med det? Skulen har reglar for buss og båt. Informasjon om dette må ut til foreldre og føresette. Medlemmar i FAU legg ut reglane på klassane sine kommunikasjons-plattformar. Skulen legg ut info på minskole og/eller deler ut i papirformat i klassane. Eventuelle avvik som gjeld skuleskyss, skal meldast til Kolumbus, som har ansvar for skuleskyss. Kolumbus har eigne reglar for sjåførar, søk «Kolumbus Trygg Skolevei». Skulen har utarbeidd reglar for skuleskyssen. Desse ser greie ut, men FAU ynskjer følgande grammatisk endring: Regel om bilbelte først, og som eige kulepunkt.
5. Sak frå 9. klasse: foreldra saknar informasjon om utførte tiltak som går på skulemiljø, særleg etter hendinga rundt Open Hall. Skulen har informert om hendinga på minskole.no. Mange elevar og foreldre/ føresette er kontakta. Helsesjukepleiar og Ida er informert om hendinga og er i beredskap ved behov. Kontaktlærarar ringde dei mest involverte familiane i etterkant.
6. Ymse. Dato for møte i februar. Neste møte blir torsdag 23. februar.
7. Val av ny SU/SMU-representant.
SU-leiar: Trond Egil Sivertsen.